




# Kyrkje- helsing

Kyrkjetidsskrift for Osterøy

nr. 1, mars 2006

*Frå innhaldet i  
Kyrkjehelsing denne  
gongen:*

- *Under bispevisitasen reiste biskop Ole D. Hagesæther spørsmål om Osterøy si prosti-tilknytning.*
- *Religionsundervisninga i skulen er ikkje og skal ikkje vera dåpsundervisning.*





Ved.  
Olav Meltvik



# Ny inspirasjon

## Godt Nytt år !

Den milde vinteren og nokre fine soldagar i det siste hev lokka fram snøklokkene, som hev stade med kvite knoppar ei stund, så no er det vel like før dei opnar seg og ber bod om vår.

Største hendinga til no i år er vel bispevisitasen første veka i februar.

I den samanheng minnest eg at eg var med på bispevisitas i Tysse ungdomshus 4. mai i 1938. Eg var berre 5 år, men eg kan hugsa at biskop Fleischer kom inn og sette seg rett framfor oss. Frå ei avskrift or ei dagbok til lærar Halvorsen skriv han at det var over 200 menneske samla. Olai Fossdal, som ynskte velkomen, sa at det aldri hadde vore ein biskop på Tysse før. Han skriv vidare at huset var særst fint pynta, av soknerådet og husmorlaget. Elles nemner han at "bispen i sin tale var i godlag og sa jamvel morosame ting. Lærar Hagen spela fele og handarbeidslærarinne Førsund spela orgel. Matsserveringa var i kjellaren. Biskopen og prost Kvistad og sokneprest Holm kom med motorbåt frå Vikanes den gongen.

I mi tid som klokkar i Hosanger fekk eg vera med på visitas både med biskop Thor With og med biskop Per Lønning, og det var positive hendingar som eg tenkjer attende på med glede.

På grunn av vond hals og hoste fekk eg ikkje koma meg til alle dei samlingane eg hadde tenkt under bispevisitasen no. Men sundagens visitasgudsteneste i Gjerstadkyrkja, med kyrkjekaffi i Skistad bedehus etterpå fekk eg med meg. Og det var ei fin oppleving. I ei fullsett kyrkje fekk me sjå og høyra ein biskop som utstråla glede og varme.

Ein biskop med stor omsut for sine medarbeidarar, og for kyrkjelydane .

Me hev her i "Kyrkjehelsing" teke med heile visitasforedraget som biskop Hagesæter heldt i Gjerstad, så eg treng ikkje referera frå det.

Men me merka tydeleg at prosten, prestane våre og dei andre tilsette og friviljuge medarbeidarar hadde fenge ny glød og inspirasjon av å vera saman med vår kjære biskop desse dagane. Kyrkjevevje Helge Kolstad sa m.a. at "det hadde vore ein opptur fem dagar til ende. Dette skal me leva lenge på".



# Det heilage

I det siste har det vore store demonstrasjonar fordi muslimar har opplevt at det heilage har vore trakka på. (At det er fleire grunnar til vald og demonstrasjon får me la liggja). Det som eg vil ta fram, er at det vert sagt at i Vesten er inkje heilag. Dersom det er sant, så er det ille for dei menneske som har det slik. Er det slik at menneske i Vesten ikkje held noko for heilag lenger? Respekt for det heilage har minka i vår tid. Eg trur ikkje at det er grunn til å motseia det.

Likevel det mangt som heilag i våre dagar òg. Det heilage kan vera heilt andre ting enn det som er knytt til kyrkje og kristendom. Dersom nokon vil røra ferie og fridagar, kjem det protestar som er like sterke som når det heilage vert trakka på. Det heilage er ofte verdiar som er så viktige at dei er det viktigaste i livet. Det heilage har ofte bytt namn. For menneske i dag, er det heilage ikkje lenger berre knytt til religionen, men til andre livsområde. Slik er det ikkje i den muslimske verda der religionen er sentral i heile samfunnet. Hjø oss trur eg at det heilage finst enno, men det er ikkje alltid merkt "religion".

## Den heilage

**Gud er heilag.** Han er Den heilage. I bibelen er det mange vitnemål om Gud som den heilage. Moses fekk beskjed om å ta av seg skorne, for han var på heilag grunn då han såg klungerbuska som brann og brann, og ikkje brann opp. Gud var nær han, difor var han på heilag grunn. Profeten Jesaja fekk i eit syn sjå Herren Gud, og då visste han at han måtte dø. For ikkje noko menneske kan sjå Gud og leva. Gud er Heilag, og menneske toler ikkje på sjå Gud. Så kom ein engel bort til han og reinsa han, så han fekk leva. Han var reinsa frå synda som hekk ved han.

For snart 100 år sidan kom det ut i bok som har vorte eit standardverk om Det heilage. Der finn me definisjonen av det heilage som *Mysteriet som får ein til å skjelva og likevel er tiltrekkjande*. Både otte og tiltrekkingskraft er med i møte med det heilage. Moses gjekk bortåt klungerbuska for å sjå nærare. Peter, som var fiskar, fekk ein stor fiskefangst då han kasta garnet slik Jesus sa. Då fall han ned, og sa: *Gå frå meg, for eg er ein syndig mann*. Han opplevde noko som gjorde han både redd og glad. Å møte Den heilage er ei hending som set spor. Den heilage møter og kallar på menneske, og mange kan fortelja om eit møte der dei kjende seg fortapte, men Gud møtte dei med nåde, og n' den er alltid ufortent.

## Dei heilage

I truedkjenninga vår seier me: *Eg trur på Den heilage ande, samfunnet av dei heilage*. I fleire av breva i Nytestamentet vert dei kristne kalla **dei heilage**. Dei heilage er dei som er døypte og høyrer til kyrkjelyden fordi dei trur på Jesus. Og når du les t.d. korintarbreva, ser du at dei kristne er langt frå syndfrie. Dei vert ikkje kalla heilage fordi dei dydsmønster eller moralske førebilete. Når dei vert kalla heilage, er det fordi dei er døypte og trur på Jesus. Så er det både eitt og hitt å retta på i livet deira.

Du er heilag når du er døypt og lever i trua på Jesus. Du er neppe feilfri eller syndfri, men du lever i kontakt med **Den heilage**. **Då er du heilag same kva andre seier, og same kva du kjenner på sjølv**. Den som har kontakt med Den heilage, vert "smitta" med det heilage. Ingen kan leva i kontakt med Gud utan å verta prega av han.

Det heilage er så visst ikkje gått ut på dato. Den heilage lever og verkar enno, og han gjer menneske heilage – i dag òg.

*Johannes Melve*

## OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset  
Opningstider:

Somar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Mail: kyrkje@osteroy-kommune.no

### Direkte innval:

Haldis Midtun	56 19 22 71
Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigte S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

### Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

### Kyrkjeleg fellestråd:

Leiar: Roger Breivik

Nestleiar: Anne Mari Persen

Jostein T. Reigstad

Tove Mostrøm Fjelstad

Frode Johnsen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

### Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roald Hauge

Hosanger: Katja Litland

Hamre: Tove Klepsvik

Haus: Madli Hannisdal

Bruvik: Johannes Melve

### Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevele



# Bispevisitas i Bruvik, Haus, Gjerstad, Hamre og Hosanger sokn i Osterøy prestegjeld, Nordhordland prosti 1. - 5. februar 2006

*Visitasforedrag i Gjerstad kyrkje på vingardssøndagen 5. februar 2006*

Ei glad helsing og eit varmt «velkomen til bispevisitas på Osterøy» frå billettøren ved Osterøybrua sette tone og standard for min truleg siste visitas i Nordhordland prosti. Eg har kjent meg velkomen på Osterøy. Både kommune, skular og kyrkjelydar har vore vel budde, vel vitande om at

bispevisitasen har vore til nytte både som inspeksjon og inspirasjon i mange hundreår før oss. Soknepresten skal ha ein særskilt takk for solid førebuing.

Det er ein takksam biskop som no held visitasforedraget sitt. De har vist tillit og delt med meg både det som de er nøgde med og

det som gjer dykk bekymra. Opent har de tala om til dels færre til gudsteneste, om eit barnarbeid som må bli betre og om eit ungdomsarbeid som når reint for lite ut. Heller ikkje på bedehusa samlar dei som før. Dei økonomiske tilhøva har eg lenge kjent til: Trass i sparetiltak går de mot underskot og nedskjæringar.



*Avskil mellom sokneborn og biskop Ole D. Hagesæther etter skulegudstenesta i Hosanger kyrkje.*





*Biskop Ole D. Hagesæther helsar etter gudstenesta i Gjerstad.*

Her kan ein lett verte depressiv og posisjonera seg «i stabilt sideleie».

Men det har de altå ikkje gjort. Nye sokneråd har tatt til med pågangsmot og tru på morgondagen. I staben har de gode medarbeidarar som strekker seg langt og som vil godt for kyrkjelyden. Det nye kyrkjelydskontoret er slik sett vorte ein viktig reidskap, her kjem medarbeidarane saman til rådslaging og bøn. Den nye kykjeverja er komen vel i gong og samarbeidet mellom dei tilsette fungerer godt.

Når det gjeld kyrkjehusa, er dei mange og verdfulle. Det er både godt og gale. Kyrkjelyden forvaltar dei mest særmerkte bygningane i kommunen, breiddfulle av gamal kunst og kollektive opplevingar. Men det kostar å halda dei vedlike og dei stettar ikkje alle dei behova som kyrkjelyden har i dag. Det er ikkje lett for rørslehemma å koma seg fram til alterringen.

Det finst lite av rom til barna under gudstenesta og dei eignar seg dårleg til sosiale samvær og kyrkjekaffe etterpå. Unnataket er Haus, som har fått eit tenleg kyrkjelydshus, reist av midlar som kyrkjelyden har rådd over eller fått som gåve. Det huset vil verta til stor velsinging.

Annleis i Hosanger, der har dei ti år gamle planar, men ingen pengar. Hamre har ei borgstove som nok kan koma meir til nytte. Men det er langt fram, i Hamre er det trong for vøling både på tak og kyrkjegard. Riksantikvaren vil og ha sitt å seia i så særmerkte kyrkjehus.

Men vi skal vidare med husa våre her i Osterøy, det er eg viss på. I samarbeid skal vi få til justeringar. Sidan visitasen i 1994 er det alt gjort fleire forbetringar. Her og no vil eg takka dykk for dugnadsinnsats og offervilje. Nybygd trapp har de fått opp i Haus. I Bruvik har de fått til ei vakker rullestolrampe som fører seg

godt i terrenget. Gangvegar er opparbeidde ved fleire kyrkjer. Orgelet her i Gjerstad kyrkje er restaurert og det er kome vakkert liturgisk utstyr på plass i alle kyrkjer. No er det Hosanger kyrkjegard som ropar på utviding. Her vil det gå pengar med, men det veit kommuneleiinga om, og denne investeringa vil det bli tatt hand om.

Kvar visitas har sitt særpreg, ved denne visitasen har skulane stått i sentrum. Det vil eg gjerne at de merkar dykk, nett no når tilhøvet mellom skule og kyrkje har vore så framme i media. Fem vel førebudde gudstenester har vi hatt med god sang og trygg deltaking i dei liturgiske ledda. Reflekterte tiandeklassingar møtte biskopen til spørjetime den første dagen, og dagen etter var godt over hundre lærarar saman om temaet «Born og sorg». Eg trur at alle som har med born å gjere, ser kva trong det er for formidling av tradisjon og felles verdiar. Når tala på døypte og på



konfirmerte er så høge her hjå dykk, så seier det mykje om kva som til sist er berejlkane for samfunnet på Osterøy.

Det trur eg de skal ta utgangspunkt i når kommunane og kyrkjelyd legg strategiske planar for åra som kjem. Vi vil ei open og raus folkekyrkje der den einskilde kan kjenna seg møtt og teken vare på. Vi har strukturane, til dels har vi og husa. Vi har ei vedkjenning og verdiar og fortellingar som ostringane vil skal verta formidla vidare. Tida er ut for dogmet om den verdinøytrale oppsedinga. Det blir for tungt å skulle strikka sitt eige livssynsunivers. Toleranse betyr ikkje at ein gjev avkall på eige trusfundament.

I Trange økonomiske tider vil eg ynskje at kyrkjefolket går foran med solid gjevarteneste og vilje til å gje av fritida si. Dei som er foreldre må ut av heimane og bygge møteplassar for barna dykkar. De som er eldre, må kunne finansiere løn til eit par eitt-åringar til hjelp i ungdomsarbeidet. Og de som er

politikarar bør sjå trongen for eit opent verdibasert ungdomsmiljø som fangar breiare enn idrettslaga.

No er konfirmantarbeidet i seg sjølv eit stort ungdomsarbeid. I Haus sokn har dei satsa på brei deltaking i kyrkjelydsarbeidet frå konfirmantane si side. For barna har eg merka meg at det er sju søndagsskular i prestegjeldet, at det er ei oppegåande dåpsskule i fleire sokn og at dei aller fleste firåringar kjem for å få «4-årsboka» i kyrkjene. Indremisjonsforbundet skal ha stor takk for at dei har ein barnarbeidar tilsett her på Osterøy i halv stilling.

For kyrkjelydane må det og vera eit aktivum at de har Raknestunet liggande i prestegjeldet. I åra som kjem, vil mykje handla om relasjonar. Eg er overtydd om at eit kreativt familiearbeid vil kunne samle mange unge familiar både helg og kvardag.

Det har vore inspirerende å vera hjå dykk desse dagane og knyta band til det bispedømet de jo høyrer til. For meg personleg har

det vore spesielt å stå i kyrkjer der far min gjorde teneste som prest under krigen. I Hamrekyrkja hadde far min si siste gudsteneste før han døde, då var vi saman for alteret, einaste gongen vi opplevde det som biskoper begge to.

Så stort som bispedømet er, så vil jo prostiet vere den eininga de oftest relaterer til. I dagane som kjem, vil prosten verte meir og meir synleg som leiar og rådgjevar. For dykk er det ei stor gåve, de kjenner Helge Hitland og har stor tillit til han.

Men no når ferdsla skjer i bil og ikkje med båt, så ligg de litt med ryggen til dei andre kyrkjene i Nordhordland. Eg har ikkje med noko forslag, men eg trur de gjer rett i å vurdera om tilknyttinga til Arna og Åsane bør fornyast. Både ferje og bru knyter til Arna og Åsane prosti. Den nye beredskapsordninga prestane i mellom knyter til same prostiet. Eg sår tanken om eit mogleg prostiskille, så får det verte med det i denne omgangen. Her vil jo dykker ord verta tungt vektlagd.

*Biskop Ole D. Hagesæther, sokneprest Johannes Melve og kapellan Brigit Sigve Skeie på veg ut av Gjerstad kyrkje etter gudstenesta.*





Men no over til gudstenesta. I åra fram mot 2010 vil kyrkja vår systematisk arbeide med utforminga av gudstenestene. Tre stikkord ligg til grunn for satsinga:

**Deltaking:** Gudstenesta skal verte manges sak med involvering både i tilrettelegging og i dei enkelte ledda.

**Stadeigengjering:** Gudstenestene skal få ei ramme som er gjenkjenneleg og trygg. Men utforminga kan verte ulik, alt etter kva tradisjon og kultur som preger lokalsamfunnet.

**Autensitet:** Målet må vere at dei som kjem saman, opplever gudstenesta som noko som hender her og no. Vi skal vere godt førebudde, men opne for ei formidling som møte denne dagens særlege trong.

Eg vil foreslå at de set ned eit gudstenesteutval for heile prestegjeldet som kunne tenke nytt rundt gudstenesta. Først bør de sjå på gudstenesteplanen, om den fordelinga av gudstenester som no gjeld, er den tenlegaste. Eg trur Bruvik og Haus bør inn i eit tettare samarbeid, kan hende med eit sokneråd for begge sokna. De bør nok vurdere færre gudstenester i Bruvik, slik folk no bur. Til gjengjeld skal de satsa på familievenlege gudstenester i denne kyrkja og ellers har gudstenester på dagar som er vel innarbeidde.

Nattverd bør det vere på øya i ei kyrkje på alle søndagar. Men de må ha mot til å spissa gudstenestene noko, slik at ein meir tydeleg siktar seg inn på målgruppa: Forkynninga skal og ta omsyn til dette: Sentral bibelundervisning, nattverd og nokre nye salmar ved nokre av gudstenestene. Enklare og meir situasjonsbestemt forkynning ved dåps- og familiegudstenester. Her må det vera plass til det attkjennande og inkluderande.

Så vil eg utfordre dei av dykk som veit kva gudstenesta tyder for oss som er kristne og som har naud for ei kyrkjesøking som går tilbake, at de samlar dykk i bilane som i dag, og kører over

soknegrensene. Folk flest vil nok helst søkje si eiga kyrkje. Men dei av dykk som vil bygge kyrkjelyd, skal seia ja til det eg vil kalla «kyrkjebenken sitt embete» og danna ein solid grunnstamme kvar einaste søndag. Da skal de få sjå: Når det er fleire til kyrkje, kjem det snart nye.

Undervegs i denne visitasen har eg alt før denne gudstenesta møtt ein fiolin, ein trompet, ei blokkfløyte, ein kvedar, ein lek gudstenesteleiar, mange forsongarar, piano og orgel. Og no her i dag har vi hatt med oss kyrkjekoret. Her ser vi kor flott det er når profesjonelle utfordrar og tek med dei som har ei gåve og eit talent. Slik vil vi ha det i alt kyrkjelydsarbeidet vårt. Vi vil leita fram nådegåvene og hjelpe dei til teneste. Den nye store pensjonistgenerasjonen vil vi utfordra med meningsfullt diakonalt arbeid. I eit planmessig arbeid som bispedømet no tek til med, vil vi medvitne identifisere oppgåvene, introdusere dei for medarbeidarar, og følge dei opp på gjennomtenkt vis.

Oppmuntringsfestar vil vi ha der den enkelte medarbeidaren vert sett og takka.

Korleis høver dette med den teksta eg nett preika over, som fortel at vi berre er unyttige tenarar? Høver det med oppmuntringsfestar for uverdige og unyttige tenarar? Det høver godt for den som har fått med seg at det å vere ein kristen, det er ikkje å gjere, men å vere. Vi har flytta ut av vårt eige og inn i eit nytt tilvere, der heile livet er ei glad teneste for Gud. Med kvite dåpsklede på møter vi opp hos vår himmelske Far for å gå ut i dei gjerningane han alt har lagd ferdige for oss. «Fri som ein fågel», syng Sven Lidman, «dock fånge och trell. Jag eger ei nogot, Men Nogon eger min sjel». Med den heimvende misjonæren frå Afrika seier vi: «Tala inte om offer, tala om nåd!»

Gud signe kyrkjelydane her på Osterøy - som har så mykje, og som treng så mykje!



*Biskop Ole D. Hagesæther held sitt visitasforedrag i Gjerstad kyrkje.*

Björgvin bispestol 5. februar 2006

*Ole D. Hagesæther*

*Bileta er tekne av: André Leknessund Wik (Bygdanytt)*



# Rydding på kyrkjegardane

Måndag 24. april tek vi til med den årlege ryddeaksjonen på kyrkjegarane i Osterøy. Pårørande som ynkjer sjølv å ta vare på kransar og anna vinterpynt må altså fjerna dette før denne daten.

På enkelte graver er det montert lykter på ein slik måte at når ein køyrer grasklipparane er det lett for å koma bort i og øydeleggja lyktene. Ver vennleg å sjekk dette, og helst ta av lykta i sumarhalvåret.

I høve den økonomiske situasjonen for kyrkjeleg fellesråd, og kor kostnadene på bosstransporten er knytta opp til mengde boss-spenn, håper vi at organisk avfall vert sortert i kompost, men at plast, papir, isopor og liknande vert kasta i spanna. Kwart år vert det mykje ekstra arbeid fordi folk ikkje tek seg tid til å sortera avfallet.

Vi vonar at vi saman kan gjere vårt beste for at kyrkjegardane skal vere ryddige og velstelte.

## Nytt fra barne- og ungdomsarbeidet på Osterøy

Først må jeg få ønske dere alle et godt nytt år og takke for året som har gått. Jeg sender her en oversikt om arbeidet mitt på Osterøy, for at dere kan se hva som skjer og samtidig få være med å be for arbeidet. Jeg takker dere for at dere er med i forbønn og takker også for at jeg får muligheten til å stå i et slikt viktig arbeid. Nytt fra denne våren er et nystartet Vinglag fra 2. klasse på Valestrand. Da yngres har slitt med å få folk til å komme i høst, har Sigmund Fosse (og noen medhjelpere) og jeg tenkt å legg opp et nytt lag for de som er litt yngre. Hjellvik og Hamre fortsetter samarbeidet på Yngres, men nå blir vi bare på Hjellvik bedehus, da vi har problemer å få «gjengen» med oss fra Hjellvik til Hamre.

Bruvik og Fotlandsvåg Yngres har fortsatt en stabil og flott gjeng. Mye å glede seg over. Samme gjelder de fleste barnehagene rundt om. Fotlandsvåg Yngres og Hjellvik Yngres har også vært med på Salomonkonkurransen i høst og har kommet videre til neste runde, så nå blir det spennende å se om de kommer til finalen. Salomonkonkurransen er en bibelkonkurrans for alle Indremisjonsforbundet sine barne- og ungdomslag. Og vi er stolte over at de er med, de eneste lagene fra Nordhordaland Indremisjon. Ellers stortrives jeg i arbeidet, møter mange positive folk rundt om på «øynæ». Det er mye å være takknemlig for. Vi kan vel ofte føle at vi har små flokker rundt om, men hadde vi slått oss sammen til en stor flokk, så hadde vi set at vi er mange på vei til det samme mål. Lykke til med Ditt arbeid. Må Gud gi dere vekst og fornyelse i det arbeidet Du står i dette året. Lykke til! Vil gi dere et løfte fra job. 22.25-30: *Så skal den*

*Allmektige være ditt gull og være dynger av sølv for deg. Da skal du glede deg i den Allmektige og løfte åsyn til Gud. Du skal be til ham, og han skal høre deg. Du skal oppfylle dine løfter. Og setter du noe fore, da skal det lykkes for deg, og over dine veier skal det skinne lys. Når det fører nedover, skal du si: Oppover! Han skal frelse den som slår sitt øye ned. Selv den som ikke er uskyldig skal han redde. Ved dine hendens renhet skal han bli reddet.*

**Med vennlig hilsen Anita Solbakk**

Vi vil gjerne takka Anita for det flotte og viktige arbeidet ho gjer mellom barn og unge på Osterøy. Takk til alle dykk som er med og ber for arbeidet og støttar opp om arbeidet økonomisk. Stillinga hennar er kun lønna gjennom fast gjevarteneste og innsamla midlar.

For å kunne oppretthalda stillinga er vi derfor heilt avhengige av fast gjevarteneste, og vi treng no fleire faste gjevarar. Du kan velja mellom å gje månadleg, kvart halvår eller eit årleg bidrag. Vil du vera mede å gje til dette viktige arbeidet, kan gåver sendast til:

Ungdomsarbeidar i Osterøy  
v/Steinar Reigstad  
Langerinden  
5281 Valestrandfossen

Kontonummer: 0540 08 73250

**Madli Hannisdal**





# Velkommen til kyrkja

## 5.mars 1.sundag i faste- Matt.16,21-23

Hamre Høgmesse. Nattverd.  
Takkoffer til Redd Barna

Gjerstad kl. 19.00 Lovsongkveld

## 8.mars

Haus kl.19.00. Fastegudsteneste.. Melve.  
Konfirmantane deltek.  
Fastesuppe i kyrkjelyds-  
huset.

## 12.mars, 2.sundag i faste. 1.Kong. 18,21-26.36-39.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Melve.  
Nattverd. Takkoffer

Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Natt-  
verd. Osterøy kyrkjekor.  
Takkoffer til Kirkens SOS

19.mars, 3. sundag i faste. Luk.4,31-37.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Natt-  
verd.. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.  
Årsmøte i kyrkjelyden.

## 26.mars, Maria bodskapsdag. Luk.1,46-55.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Natt-  
verd. Takkoffer. Årsmøte i  
kyrkjelyden.

Haus kl.17.00 Familiemesse. Melve.  
Nattverd. Takkoffer til  
Bibelmisjonen. Utdeling av  
Nyttestamente til 11-  
åringane. Kyrkjekaffi.  
Årsmøte i kyrkjelyden og  
kyrkjelaget.

## 2.april, 5. sundag i faste. Joh.11,45-53.

Hosanger kl.11.00 Høgmesse. Skeie. Natt-  
verd. Takkoffer. Årsmøte i  
kyrkjelyden.

Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Melve.  
Utdeling av bok til 6-  
åringane. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.  
Årsmøte i kyrkjelyden.

## 9.april, Palmesundag. Mark. 11,1-10.

Gjerstad kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve.  
Takkoffer til Radio  
Osterøy.

## 13.april, Skjærtorsdag. Joh.13,1-15.

Osterøytunet kl.11.00. Gudsteneste. Skeie.  
Nattverd.

Bruvik kl.18.00 Gudsteneste. Melve.  
Nattverd. Dåp. Takkoffer

Haus kl.20.00. Gudsteneste. Melve. Natt-  
verd. Takkoffer til Institutt  
for sjelesorg.

Hosanger kl.19.00. Gudsteneste. Skeie.  
Nattverd.

## 14.april, Langfredag. Mark.14,26-15-37.

Haus kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Melve.

Hamre kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Skeie.

## 15.april, Påskeaftan. Luk.24,1-12.

Hamre kl.23.00. Påskennattsmesse. Melve.  
Skeie. Nattverd.

## 16.april, Påskedag. Joh.20,1-10.

Gjerstad kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie.  
Melve. Nattverd. Osterøy  
kyrkjekor. Takkoffer til  
Osterøy søndagsskulelag.

## 17.april, 2.påskedag. Joh.20,11-18.

Hosanger kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie.  
Takkoffer

Bruvik kl.11.00 Høgtidsgudsteneste.  
Melve. Takkoffer til  
Osterøy søndagsskulelag.

Gjerstad kl.19.00. Lovsongkveld.

Kyrkjeskys til Gjerstad

Namna no :

Roald Hauge tlf.56394507

Kjellaug Hartveit tlf.56390481

## Misjonsdag i Haus

Laurdag 11. mars har kyrkjelyden sin Misjonsdag i kyrkjelydshuset kl. 11-15. Misjonsprosjektet vårt er Lovsongsheimen i Bangkok, Thailand. Der i slummen i storbyen har NMS bygt ein heim for einslege mødrer. Me i Haus vil støtta arbeidet her.

Velkomen til basar, fiskedam og snopglas. I år vert det og høve til å kjøpa graut. Kaffi og kaker.



# Min salme:

## *Salmar frå skattkista*

Frå Anna Marøy

Når eg skal velja ein salme frå skattkista, må det bli dåpsalmen "Fylt av glede over livets under" med tekst av Svein Ellingsen og melodi av Egil Hovland. Første gong eg høyrde denne salmen, var ein fin maidag i Grønland kyrkje på 80- talet. Vårt første barnebarn skulle døypast, og eg fekk den store æra å bera den vesle jenta. Salmen fylte heile den store kyrkja med ein nydeleg melodi og fine ord. Nokre år seinare kom salmen i bruk i Gjerstad kyrkje, og no er han ofte i bruk. Legg merke til teksten, spesielt det første verset.

Fylt av glede over livets under, med et nyfødt barn i våre hender, kommer vi til deg som gav oss livet, kommer vi til deg som gav oss livet.

Fylt av beven foran ukjent fremtid legger vi vårt barn i dine hender. Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet. Det som skjer i dåpen gir oss trygghet.

Fylt av undring er vi i din nærhet ! Du som bærer verdensrommets dybder, venter på de små og tar i mot oss, venter på de små og tar i mot oss.

Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje, er vi født på ny til liv i Kristus til et åpent liv i tro og tillit, til et åpent liv i tro og tillit.

Og ved tidens grense venter fortsatt dine løftes-ord ved døpefonten, dåpens lys forblir når livet slukner, dåpens lys forblir når livet slukner.

Større rikdom enn hva ord kan romme, har du gitt oss gjennom dåpens gave. Herre, la vår tro bli fylt av glede ! Herre la vår tro bli fylt av glede !

*Eg utfordrar Kari Bjørndal til neste Salmar frå skattkista.*

## Vinnarar av Hosanger kyrkjeforening si utlodning 11.02.2006

Gevinst	Loddnr.	Vinnar
1. Dokke m/utstyr	J7	Anders Mjøs, Hosanger
2. Strikka lappe-teppe	E135	Jorunn Hartveit, Hosanger
3. Strikkaplagg frå Norlænder	E533	Ester Bysheim, Hosanger
4. Strikka blått slumreteppe	C81	Lillian Fossdal c/o Olav Fossdal, Tyssebotnen
5. Koppesett	D27	Åslaug Mjøs, Bergen
6. Strikka babyteppe	G700	Aslaug Hagebø, Bernes
7. Akvarell	B27	Frode Forthun, Hosanger
8. Strikka babysett	A88	Inga Vikesund, Bergen
9. Brødkorg m/brodert serviett	D12	Aslaug Lønsethagen, Hosanger
10. Strikka babysett	E732	Else Røsland, Hosanger
11. Brodert kaffiduk	H06	Else Imøy, Fotlandsvåg
12. Sengesett	A760	Tora og Ragnar Vikesund, Tysse

Hosanger 13.02.2006

Rett trekning vart vitna ved Gyda Tveiten Lewis og Aslaug Lønsethagen



# Familie- nytt



## Haus

### *Døypte:*

- 20.11.05 Anna Emilie Rivenes Vik  
27.11.05. Jonas Exzekiel Vevle (døpt i  
Hamre kyrkje)  
08.01.06 Even Sakstad Bruvik  
08.01.06 Jonas Sakstad Bruvik

### *Gravlagde:*

- 10.11.05 Jørgen O Mjelde (f. 1936)  
22.12.05 Hans Jacob Vatlø (f. 1933)

## Gjerstad

### *Døypte:*

- 11.12.05 Nora Helle  
11.12.05 Dorthe Bakken  
11.12.05 Thea Rebekka Hole Vevle  
15.01.06 Ronja Tysse Låstad  
15.01.06 Reina Solberg Tysse

### *Gravlagde:*

- 06.12.05 Ingebjørg Skistad (f. 1906)  
07.12.05 Marta Koppen (f. 1911)  
13.01.06 Kaia Olina Bruvik (f. 1919)

### *Bisette:*

- 27.01.06 Nelly Malene Stensland (f. 1909)

## Hamre

### *Døypte:*

- 11.12.05 Sanne Helene Eggen-Tjøfloth

### *Gravlagde:*

- 09.09.05 Daniel Vedå (f. 1909)  
14.12.05 Kari Hopland (f. 1922)  
24.01.06 Inger Hjellvik (f. 1922)  
15.02.06 Jakob Jakobsen (f. 1920)

## *Minnesermoni:*

- 09.02.06 Hedvig Gundersen (f. 1939)

## Hosanger

### *Døypte:*

- Retting: 06.11.05 Johannes Solberg Loftås

### *Gravlagde:*

- 21.12.05 Terje Bysheim (f. 1954)  
05.01.06 Martin Myking (f. 1918)  
06.01.06 Johan M. Bysheim (f. 1915)  
19.01.06 Kjell A Nilssen (f. 1920)  
31.01.06 Kari Hellevang (f. 1941)  
10.02.06 Jenny Nymark Hanstveit (f. 1912)

## **DÅP**

Det høver med dåp desse  
dagane

Haus 26/3 og 23/4

Hamre 26/3

Gjerstad 9/4

Hosanger 2/4 og 17/4

Bruvik 13. og 17/4.





# Soknepresten har ordet

## Etter visitasen

Det er vel ikkje berre eg som har sett fram til bispevisitasen med både uro og glede. Uro fordi eg lurar på om eg og me her, har førebudd oss til alt som skal henda. Glede er det òg fordi eg veit at ein bispevisitas er festdagar for kyrkjelyden. Dette var fjerde gongen eg har opplevd bispevisitas, og eg kan seia at denne siste gongen nok var den som sit best i minnet.

Mange fekk oppleva bispevisitasen som fine dagar. No er det tid for ettertanke, og tid for å ta opp nokre av dei utfordringane han gav oss i visitasforedraget. (Trykt i bladet ein annan stad.)

Bør Osterøy skifta prosti ?

Biskopen nemnde at Arna og Åsane prosti ligg geografisk betre til enn Nordhordland.


Vaktsamarbeidet frå juli 2005 er knytt til dette prostiet. Bør me skifta prosti ?

Når det gjeld gudstenestene, så tilrådde biskopen eitt sams gudstenesteutval for heile prestegjeldet. Då er det å sjå på gudstenesteplanen om fordeling av gudstenestene er tenleg i dag. Haus og Bruvik bør samarbeida tettare, og det kan verta færre gudstenester i Bruvik.

Nattverd bør det vera i ei kyrkje alle sundagar.

Biskopen har og tidlegare teke fram at gudstenester med dåp treng annleis forkynning og opplegg enn dei gudstenestene som har nattverd.

Biskopen utfordrar dei som veit kor viktig gudstenesta er, til å samla seg i bilar og



køyra over soknegrenser. Han er oppteken av å byggja kyrkjelyd. Og det same målet har me her òg. Bispedømet har visjon eller mål for alt arbeid: *Saman vil vi gjera Kristus kjend, trudd, elska og etterfylgd.* Me her vil ha det same målet for det me gjer i kyrkjelydane her.

## Statistikk for Osterøy prestegjeld 2005

	Bruvik	Haus	Gjerstad	Hamre	Hosanger	I alt
Gudstenester	20(20)	27(32)	40(40)	32(28)	25(26)	146(144)
Gudsteneste-deltakarar	1084 (1130)	2387 (2503)	3799 (4308)	3084 (3596)	2183 (2061)	12537 (13598)
Nattv.gjester	158(184)	387(506)	688(740)	493(538)	182(239)	1953(2162)
Døypte	3(2)	7(12)	14(32)	25(39)	20(17)	69(102)
Vigde	1(2)	1(4)	3(2)	5(4)	1(3)	11(15)
Konfirmerte	5(8)	15(14)	33(34)	26(35)	20(21)	109(112)
Gravferder	3(2)	8(4)	17(17)	17(15)	17(11)	62(49)
Innmelde	0(0)	0(0)	1(2)	0(0)	1(0)	2(2)
Utmelde	1(0)	0(1)	4(7)	7(2)	8(0)	20(10)
Ofringar	21678 (20965)	50673 (51226)	103368 (119287)	73737 (73230)	56325 (50293)	315001 (305781)

Tal frå 2004 står i parantes



# Hva kan du forvente i skolen?

Kristin Gunleiksrud, rådgiver IKO

**Hva får elevene med seg av bibelfortellinger på skolen? Hvor mye lærer de om kristendommen? Kan man tenke at «dette tar skolen seg av» når det gjelder å la barna høre bibelfortellinger og lignende?**

Svaret er enkelt: Skolens undervisning er ikke og skal ikke være dåpsopplæring. Men det har vært det. Fra skolen ble startet i 1739 til 1969 var skolens kristendomsundervisning faktisk dåpsopplæring. Det vil si at skolen ga barna den opplæring i kristen tro og tradisjon som er ment å skulle følge av dåpen. Etter hvert var det mulig å bli fritatt fra kristendomsfaget dersom foreldrene ikke var medlemmer av Den norske kirke. De som var fritatt kunne få alternative opplegg, som for eksempel livssynskunnskap.

I 1969 vedtok Stortinget en ny lov for grunnskolen. I forbindelse med dette arbeidet sa Stortinget at skolens undervisning i kristendom ikke lenger skulle regnes som kirkens dåpsopplæring. Likevel fortsatte det meste som før, helt til KRL-faget (Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap) kom i 1997. I KRL-faget skal elevene lære om flere religioner og livssyn, ikke bare sitt eget. Faget er et ordinært skolefag, som skal kunne samle alle. Elevene har rett til et begrenset fritak fra aktiviteter som oppleves som utøvelse av eller tilslutning til annen religion eller som oppleves som krenkende.

Det fremgår tydelig av læreplanen at elevene ikke skal lære å tro. Stortinget har da også uttalt med all mulig tydelighet at det ikke skal drives med trosopplæring i skolen.

Foreldre kan ikke forvente at skolen på noen måte skal ivareta denne trosopplæringen. Tvert imot: dersom det drives trosopplæring i skolen, er dette i strid med lov og læreplan. Det elevene lærer om kristendommen og om kirken, er derfor ikke trosopplæring.

Det er foreldrene som har ansvar for og frihet til å sørge for sitt barns religiøse og moralske

oppdragelse, i samsvar med sin egen opprbevisning. Dette er slått fast i artikkel 18 i FN-konvensjonen og sivile og politiske rettigheter.

Innholdet i KRL-faget er annerledes enn det gamle kristendomsfaget. Nå skal elevene lære om alle verdensreligionene, og de skal lære om både etikk og filosofi. Det skal legges vekt på fortellinger og på den estetiske dimensjonen. Det vil si at elevene skal lære både om arkitektur, musikk og billedkunst ved de ulike religionene.

Som foreldre kan man ikke lenger tenke at opplæring i kristendommen, det tar skolen seg av. Vel får de endel kunnskaper om kristendommen, men ikke slik som det ble gitt tidligere. Etter at Stortinget bestemte at skolen ikke lenger skulle gi dåpsopplæring eller trosopplæring, har kirken arbeidet med å utvide sin egen dåpsopplæring.

## **Dette kan du forvente i KRL-faget:**

- At barnet ditt lærer om ulike religioner og livssyn, men ikke like mye om alle.
- At de ulike religioner og livssyn presenteres ut fra sin egenart.
- At undervisningen ikke skal være forkynnende.
- At ditt barns tro eller livssyn møtes med respekt.
- At barnet ditt lærer noen sentrale fortellinger fra Bibelen.
- At barnet ditt lærer noen sentrale apostel- og helgenfortellinger.
- At barnet ditt får være med og snakke om viktige etiske og moralske spørsmål.
- At barnet ditt får fritak fra bestemte aktiviteter, som for eksempel skolegudstjenste eller det å fremsi trosbekjennelse fra ulike religioner.
- At du får god informasjon fra skolen, og at det er et løpende samarbeid mellom hjem og skole.

Oslo 02.02.06



# Glimt frå konfirmantleir





For vårens konfirmantar vart det arrangert konfirmantleir på Kvamsæter 27. til 29. januar. Kyrkjehelsing tar med nokre bilete frå leiropphaldet vi har grunn til å tru vart eit godt minne både for arrangør og den inviterte Osterøy-ungdomen.

## Billetekstar:

*T.v: Lydanlegget skal opp. Etter litt om og men kom det fint på plass. Under: Tv og tv-spel falt konfirmantane seg kjapt til ro med.*


*Under t.v: Piano vart eit godt brukt instrument under allsong og diverse.*



## Gratulerer med ny stilling

**Kapellan Brigte Sigve Skeie** er tilsett som sjømannsprest i Dubai. Han skal ta til i arbeidet der i slutten av august. Avskilsgudstenesta vert i Hosanger 18.juni. Han skal arbeidar her til ca. 20.juli.

Me er leie at han sluttar her, men me vil likevel ynskja til lukke med ny stilling og Guds signing over tenesta i Dubai.





# Israel i endetida

*Mellom Betlehem og Jerusalem ligg ein liten dal. I skråningane opp mot Betlehem ligg markene der englane song over ein liten flokk hyrdingar og sauene deira ei natt for 2000 år sidan. Den dag i dag vandrar gjetarar på dei same markene med småfeet sitt og sankar dei saman om kveldane og fører dei heim i kvea. Spor i terrenget er merke på generasjonars trakk etter dei same stiane. Inne i byen vart Jesus, verda sin frelsar, fødd for vel 2000 år sidan.*

Dei som kjenner Bibelen, veit at Gud valde ut eit folk i Abraham. Han oppdrog dei ved profetane, og han straffa dei når dei var trassige og ulydige. Det er mange ting som er vanskelege å forstå. Dei forkasta Jesus som Messias, og evangeliet kom til heidningane. I år 70 e. Kr. vart Jerusalem herteke, templet øydelagd og jødestaten avvikla av romarane. Namnet på landområdet vart endra til Palestina for å sletta ut minnet om staten og folket. Jødefolket vart etter kvart spreidde ut over jorda. Frå Augustin sine dagar var det god lære i den kristne kyrkja å tru at alle Guds lovnader til jødefolket var overtekne av den kristne kyrkja. Det er det me kallar erstatningsteologi. Frå framveksten av den pietistiske rørsla på 1700-talet vart det på ny interesse for å lesa bibeltekstane om utvelgjinga og landlovnadene til jødane direkte om dette folket.

I dag meiner mange at me opplever oppfyllinga av desse gamle lovnadene. I 1948 vart staten Israel oppretta, og etter 6-dagarskrigen i 1967 kom heile Jerusalem under jødisk kontroll. Det tykkjer eg høver godt med Jesu ord om at "tida åt heidningefolka er ute" i Jerusalem. (Luk. 21, 24).

Sidan 1990 og Sovjetunionens fall har det kome over 1 mill. jødar frå Russland til Israel. I Frankrike møter jødane trengsle, i Argentina, Brasil og USA lever det mange jødar. Skal desse og til Israel? Og kva tid? Staten Israel viser ei imponerande evne til å integrera alle som vandrar inn i det vesle landet. Men det kostar, og ikkje alle nye immigrantar har det lett. Dei nærast 2 åra skal 20 000 fattige jødar frå Etiopia få hjelp til å vandra inn i Israel. Fattigdommen er stor, og mange manglar det mest elementære i det daglege livet. Ein grunn til det er den 5-årige palestina-arabiske intifadaen (religiøst grunngeven fridomskrig) som har ført til enorme forsvarsutgifter for Israel.

Gjennom alt dette trur me at Gud vil gjennomføra sin plan med sitt utvalde folk. "For Gud angrar ikkje på nådegåvene sine og kallet sitt." (Romarbrevet 11,29) Timeplanen hans kjenner me ikkje, og ikkje korleis han skal gjennomførast heller. Men landet har ikkje fått dei grensene som lovnadene i Bibelen viser til. Den som kjenner Bibelen, vil sjå ein del oppfyllingar etter kvart som dei hender.

Og så skal frelsa koma tilbake til jødane, og dei skal verta innpota att på det gode treet. Då skal det verta "liv av døde" for verda og. (Rom 11. 15). Israel er eit spennande land, og me lever i ei underleg tid.

*Nokre bibeltilvisingar for interesserte:*  
Romarbrevet kap.9 -11, Amos 9, 8 – 15, Jeremia 31, Esekiel 34, 11 – 31, Esekiel 36 – 39 og 47, 13 – 23, Sakarja 8 og 12 – 14, Jesaja 11 og 12 og Joel 3.

*Øyvind Vevle*



# Fasteaksjon for heile kyrkjelyden

- Fasteaksjonen er heile kyrkjelyden sin aksjon. Vi vonar derfor at både unge og eldre sett av tysdag 4. april 2006 til dør-til-dør-aksjonen for Kirkens Nødhjelp, seier generalsekretær Atle Sommerfeldt.

Han fortel at arbeidet med neste års aksjon alt er godt i gang. Tema er "Ungdom ut av krig og krise", og Kirkens Nødhjelp ynskjer denne gongen å sette søkelys på tilhøva til barn og unge i land der det har vore langvarige konflikter og harde krigshandlingar.

- Mange tenkjer fyrst og fremst på eldre menneske når dei høyrer ordet krigsveteran, men i dag er det ikkje lenger slik. Krigsveteranar er dei som har tatt del i og opplevd krig, anten som sivile eller soldatar. Mange ungdomar er krigsveteranar, også jenter. I DR Kongo er til dømes mange blitt tvangsrekrutterte til ulike arméar, og har brukt store delar av ungdomstida i militærleirar. Mange jenter er kidnappa og halde som "koner" for

soldatane. Ungdom i Afghanistan og Rwanda har opplevd liknande tilhøve, seier Sommerfeldt.

- I Sudan har det vore krig i 20 år, og ein heil generasjon veit knapt kva fred er. No er det underteikna ei fredsavtale, og desse ungdomane skal vere med på å bygge den nye framtida.

Sommerfeldt peiker på at utfordringane er enorme.

- Det er krevjande å bygge opp eit øydelagd land og eit næringsliv som ligg i ruinar. Enda meir krevjande er det å bygge opp igjen øydelagde menneskesinn, slik at dei kan tru på eige og andres menneskeverd.

- Fasteaksjonen er ein invitasjon til kyrkjelydar og lokalsamfunn i Noreg til å vere med på denne store dugnaden for å skape fred i spora etter urett og krig, avsluttar Sommerfeldt.

## Han tek seg av den eine

Av Trygve Bjerkrheim.

Jesus tek seg av den eine,  
som om ingen andre var.  
Han har tid for deg når hine  
tid og time ikkje har.

Jesus tek seg av den eine,  
nett som doggi glitrelår  
i den stille sumar-stundi  
heile morgonsoli får.

Jesus tek seg av den eine;  
om du minst av alle var,  
vil han møta deg med kjærleik  
som ein trufast bror og far.

Jesus tek seg av den eine  
Sæl kvar ein som går til han!  
Dag for dag han vil deg leida  
til du når det gode land.